

Anders Uthaug Dragøy
Erik Pontoppidans Gate 2
5018 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/152 - 23/1023

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
27.01.2023

Løyve til arealoverføring frå gbnr 142/18 til 142/131 - Sætre

Administrativt vedtak. Saknr: 011/23

Vi syner til søknad motteke 26.01.2023.

Vedtak

Det vert gjeve løyve til arealoverføring av omsøkt tilleggsareal frå gbnr. 142/18 til gbnr. 142/131. Grunngevinga er at delingssøknaden er i tråd med godkjent reguleringplan og er fornuftig arealbruksmessig. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.


Saksutgreiing:

Det er den 23.01.2023 signert søknad om arealoverføringa frå gbnr. 142/18 til gbnr. 142/131. Arealoverføringa på om lag 0,4 dekar er vist i søknad på kart datert den 23.01.2023. Søknad er i område med reguleringsplan som vist under:

Breivik/Åråsvågen/Sætremarka med planid 12642014004.

Kjøpar av arealet er Anders U. Dragøy som er eigar av gbnr. 142/131 og gbnr. 142/173. Seljar er Kystlandsbyen AS. I reguleringplanen er området avsett til bustadområde og parkeringsplass. Omsøkt tiltak som er arealoverføring til ein bustadtomt er i tråd med plan. Det som skal arealoverførast er regulert til gult bustadområde og ein parkeringsplass på plankart, tiltaket kjem ikkje i strid med andre interesser.

Det er ikkje kome inn merknadar til nabovarselet, naboar har samtykt til søknad og signert nabovarselet den 24.01.2023.



Arealoverføringa frå gbnr. 142/18 til gbnr. 142/131 er vist på kart over

Austrheim kommune ser at arealoverføringa er arealmessig fornuftig, søknad er i tråd med plan- og bygningslova, plan for området og anna lovverk. Søknad kan difor godkjennast som omsøkt. Saka vert med dette sendt over til vidare oppmålingsforretning.

Lykke til med vidare prosess i saka.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:
Alf Kvant

Mottakere:

Anders Uthaug Dragøy

Erik Pontoppidans 5018
Gate 2

Bergen

Byggmester Markhus As

Kokstaddalen 6 5257

Kokstad